

Tale ved forbønsgudsteneste for Ukraina 1. mars 2022 Trefoldighetskirka, tekst Mika 4,

Det kjennest ut som utruleg lenge sidan, likevel kan eg ikkje la vere å tenke på det i dag. Då eg på åttitalet var i DDR for å besøke studentar og prestar i det kristne studentforbundet, la eg merke til at mange av dei gjekk med ein button. Buttonen var illustrert med monumentet som står utafor FN-bygget i New York og hadde innskrifta «Schwerter zu Pflugscharen Micha 4». Det var kjennemerket til den uavhengige fredsrørsla i DDR og var også eit merke som mange og stadig fleire samla seg rundt i kyrkjer for å tenne lys og be om fred.

I dag, nesten førti år seinare, har vi eit intenst behov for å gjere det same: Samlast, tenne lys og be om fred. Vi gjer det her, det skjer i kyrkjer over heile verda, i Coventry, i Dresden og Johannesburg. Og i bygninga bak skulpturen av han som er i ferd med å smi våpen om til plogjern, i FN's generalforsamling, samlast verdas statsleiarar for å prøve å få slutt på de forferdelege krigshandlingane vi no er vitne til.

Plutseleg blir desse gamle orda aktuelle igjen, og fleire av oss begynner å leite etter denne buttonen og andre fredsmarker (i smykkeskrina våre). Og vi les igjen orda frå profeten Mika kva som skal skje i ei framtid prega av rettferd og fred: «Dei skal smi sverda om til plogskjer/ og spyda til vingardsknivar.»

Og dei profetiske orda kjennest ut som noko som er nødvendig å gjenta, gang på gang, slik at det kan bli eit slags refreng som blir sittande, ein draum, eit nødvendig motbilde til det vi ser og høyrer dagleg.

Dei profetiske orda i den hebraiske bibelen er ikkje dokumentariske skildringar av noko som har hendt, men heilt nødvendige bilde av noko anna, ein draum som kan hindre at vi mistar motet, ord som kan inspirere til handling. Slik profetane også gjorde hos nokre av våre samtidige profetar, Martin Luther King jr og også Desmond Tutu. Martin Luthers draum var henta frå profetane: han gjorde profeten Amos til sine eigne og til ord retta til si samtid: «But let justice roll down as waters, and righteousness as a mighty stream. / Lat rett vella fram som vatn, og rettferd lik bekker som alltid strøymer.»

Men kva er det empiriske grunnlaget for slike vakre ord, hadde Mika og Amos og King og Tutu sett det med egne augo, denne rettferda som vella fram som flomvatn, at krigsvåpena vart smidd om til fredelege landbruksredskap? Nei, dei hadde sett meir av det motsette med sine egne auge og sette også ofte ord på ei verkelegheit prega av urettferd, krig og vald. Men bilda av noko anna, av ei framtid i Guds hender prega av fred og rettferd, var kanskje nettopp derfor *nødvendig* for å bevare trua og håpet?.

Det vi no ser med egne augo og høyrer om, er det nesten ubeskrivelege: At barn blir drept, at bestemødre er på fortvilt flukt, at folk som elsker kvarandre må ta avskjed med kvarandre på grensene, at unge menn i soldatuniform som snakkar nesten det same språket skyt på kvarandre og omtalar kvarandre som fiendar, at byar blir lagt i ruinar, og det rike åkerlandet blir lagt brakk.

Plogjern blir *no* mens vi sit her, laga om til våpen. Og dette skjer i det området som lenge har vore Europas store kornkammer.

*De skal smi sverdene om til plogskjær
og spydene til vingårdskniver.*

Vi er nøydde til å gjenta dei profetiske orda i dag, for å halde på livsmotet, for ikkje å la angsten få siste ordet.

*Folk skal ikke løfte sverd mot folk,
ikke lenger læres opp til krig,
men enhver skal sitte*

*under sin vinstokk og sitt fikentre,
ingen skal skremme dem.*

Finst det noko bilete av at våpen *trass alle odds* kan bli smidd om til plogjern? Ja, det finst!

-I arbeidet for fred og forsoning og sannheit mellom svarte og kvite, undertrykkarar og undertrykte i Sør-Afrika etter mange år med apartheid.

-I kyrkjer over heile Europa, f.eks i byane Coventry og Berlin som begge vart herja av terrorbombing under verdskrigen. Kyrkjene i desse byene er i dag sentrale i det internasjonale fred-og forsoningsarbeidet mellom tidlegare fiendar.

Og eg vil anbefale dykk enten no etterpå, eller seinare å ta ein tur til fontena utafor Oslo domkirke. Der på den staden der det nesten ubeskrivelege blomsterhavet stod etter

terrorhandlinga 22. juli, står det no eit kunstverk: Jernrosar,

Smedar frå heile verda, overlevande, etterlatte og andre berørte blei invitert til å smi rose, og nokre av dei er smidd av våpen, av knivar og bajonettar.

Jernrosene står og kviskrar og ropar til alle som vil høyre: Dette må ikkje skje igjen!

Vi har alle eit ansvar for gjere vårt, saman, for at religion ikkje blir brukt til å hate, men til å elske!

Samtidig er dei eit synleg bilde på at ei anna framtid er mogleg. Det seier masse om kor mykje fint som fins i folk. - Og det skal vi huske på.

At det er mogleg å saman smi våpen om til plogjern, eller til vakre og talande jernrosar.

Lat oss halde fram med å be og tenne lys og gjenta dei profetiske orda i dag og så lenge det er nødvendig.

Kari Veiteberg

Oslo biskop

